

**Fra:** Ingunn Kandal [inkan@online.no]

**Til:** Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

**Kopi:** Jenny Ellaug Følling [jenny.folling@sfj.no]; Åshild Johanne Høivik Kjelsnes [Ashild.Kjelsnes@sfj.no]

**Sendt:** 19.05.2016 21:22:05

**Emne:** Brev om TISA-forhandlingane

**Vedlegg:**

Til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vi viser til den pågående debatten om TISA-forhandlingane og vedtak som KS har gjort i saka – m.a. med krav om større openheit om forhandlingane.

Mange fryktar at ein eventuell TISA-avtale vil svekke både nasjonal sjøvråderett og lokaldemokratiet.

Raudt Sogn og Fjordane vil med dette oppmode om at fylkesutvalet/fylkestinget drøftar denne saka.

Nedanfor finn de korleis Høyanger kommunestyre har uttrykt sin skepsis til TISA i eit brev som er sendt til regjeringa.

Vi håpar at fylkesutvalet/fylkestinget kan sende eit tilsvarande brev til regjeringa.

Høyanger sitt brev er dette:

*Høyanger kommunestyre ser med stor uro på TISA forhandlingane. Vi tek avstand frå både siktet målet med TISA og det at mykje som føregår er hemmeleg. Vi krev full openheit om forhandlingane om TISA. Norsk samfunnsutvikling skal framleis avgjerast i Noreg, på demokratisk vis. Offentlege tenester, så vel statlege som kommunale, skal framleis vere offentlege og demokratisk styrt av folkevalde norske styresmakter.*

*Vi krev stopp i forhandlingane til konsekvensane er utgreidde. Inga liberalisering som svekkjer faglege rettar, miljøstandarar og forbrukarrettar. Ingen aksept av klausular som bind opp framtidige regjeringar. Noreg kan ikkje akseptere ein klausul som seier at privatisering av offentlege tenester ikkje kan reverserast. Ingen aksept for at investorar skal få eigne tvistesystem der dei kan krevje erstatning for demokratisk vedtekne lover. Vi stiller oss også bak kravet om folkerøysting før slike avtalar kan gjennomførast.*

Med helsing

Raudt Sogn og Fjordane

Ingunn Kandal  
leiar